

Røysterett sin planlagde konsert 08.06. lyt avlysast

22.05.2017



Røysterett song 2 avdelingar i Uskedalen og 1 i Herøysundet 17.mai. Her i Uskedal kyrkje.

Me hadde planlagt ein stor konsert i Aktivitetshuset 08.06. Dette var tenkt å vera ei god avslutting på semesteret.

Fleire andre musikalske krefter var tiltenkt roller for å gje mangfald i programmet, og dei største vart kontakta ganske tidleg. Organisasjonslivet fungerer ikkje alltid snøgt – ofte må ting luftast på øvingskveldar/møte, som vanlegvis er ein gong i veka, eller til og med berre kvar 14. dag. Deretter skal kvar einskilt "vurdera saman med heimen" om det høver. Dersom det ser litt tynt ut ved neste samling, vert det kan henda nye rundar på ei veke eller 14 dagar før svar kjem til oss. Eit nei fører til nye slike rundar med andre som kan vera aktuelle, og før ein veit ordet av, står arrangementet for døra.

Denne gongen syntet det seg at berre Røysterett "kunne". Me tykte dette ville verta for spinkelt, særleg sidan det berre er stutt tid sidan me hadde eit arrangement i Helgheim. Rett nok kan me ein del meir enn det me serverte då, men med berre oss vil det verta einsidig, og alt for mykje gamalkjent.

Me har hatt kontakt med eit mannskor i Sveio, og eit dyktig damekor i Etne, og båe var svært leie seg for at dei ikkje kunne vera med. Me har inntrykk av at me på ein måte no har "taket på dei", og at dei vil strekkja seg langt neste gong me spør dei, så me får sjå kva me kan få i stand til hausten og neste vår.

Me kan berre seia oss leie for at me har teke munnen for full i vår.

Helsing styret i **Røysterett for Alle**

Foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland